# debatt



**Kultur- og debattredaktør Hilde Sandvik**
debatt@bt.no – telefon 55 21 46 08 (10.00-11.30)
Redaksjon: Ingvild Sæterstøl, Egil Horne Mikkelsen og Aslaug Eide.

## Multikulturalismen

**ODD E. RAMBØL (AP)** kommenterer mitt innlegg hvor jeg stiller spørsmål om hva som utløste de grusomme hendingene 22.07. Dette mener han øyensynlig er et merkelig spørsmål. Det er ikke spørsmål om hvem som utførte udåden, det siste vet vi mer enn nok om.

At terrorhandlingene er en ytring fra en totalt avsporet person er uomtvistelig, men at den også er relatert til eskalerende konflikter som følge av store endringer i samfunnet både i Norge og i Europa for øvrig, er det vel også liten reell tvil om. Med et felles begrep kan vi kalle det multikulturalismen, som påtvinges oss gjennom stor og til dels ukontrollert innvandring, spesielt fra kulturer som står fjernt fra våre verdier. Med dette som bakgrunn, forstår ikke Rambøl at det må være relevant å fastslå at multikulturalismen gjennom terror har fått sine første dødsofre i Norge. At det også finnes en rekke andre ofre som følge av det «fargerike fellesskap», er en annen sak.

**DET FREMGÅR AV** Rambøls kommentar at det også er andre formuleringer i mitt innlegg han ikke liker. Det kan jo forstås. Dette må være grunnen til at han ikke gjør forsøk på å besvare de spørsmål som reises, på annen måte enn ved å sammenlikne skepsisen til multikulturalismen med Holocaust og nazistenes overgrep mot jødene fra 1933. Interessant nok, synes han her å være på linje med Høyres leder Erna Solberg, som mener at det hun oppfatter som dagens muslimhets, kan sammenliknes med jødehetsen i 30-årene. Til historisk fordypning og korreksjon om sistnevnte, anbefales informasjon som finnes i historiebøkene og leksikon, samt kommentar i Aftenposten den 9.08.11, skrevet av Mona Levin.

HANS CHR. HAALAND, MJØLKERÅEN

## Livet må gå videre

**DET ER IKKE LETT** å drive politikk i disse tider. Alle våre tanker går til de pårørende etter tragedien på Utøya. Men, livet er nødt til å gå videre så også politikken. Utfordringene er akkurat de samme som før tragedien. Jeg vil nevne noen saker Demokratene vil ta fatt i.

Nygårdsparken må tilbake til bergenserne. Her må politiet ordne opp. Vi kan ikke ha en døgnåpen park midt i hjertet av vår by, der omsetning av narkotika skjer åpenlyst. Vi må få flere offentlige toaletter i byen, gjerne i samarbeid med private. Dagens fasiliteter er en skam. Vi mener Bergen må bli Norges idrettshovedstad. Vi må bygge tak over Slåtthaug skøytebane *nå*, slik at vi kan arrangere EM eller VM på skøyter i Bergen. Her ser vi for oss et samarbeid mellom offentlige og private krefter.

Mange vil legge lokk på innvandringsdebatten ved dette valget. Det blir helt feil og et angrep på ytringsfriheten. Problemene er der, uansett. Vi mener Bergen trenger innvandringsstopp. Vi må integrere de innvandrere som er kommet til vår by før vi tar imot flere. Ved utdeling av kommunale boliger forventer vi likebehandling mellom bergensere og våre nye landsmenn. Det har ikke alltid vært tilfelle. Godt valg!

JAN-OVE FROMREIDE,
BYSTYREKANDIDAT DEMOKRATENE

**Den som søkjer å redusere opprøra i dei engelske storbyane til einast å handle om meiningslaus plyndring og snevre profittmotiv for arbeidslause småkriminelle – er i beste fall ignorant om den røyndomen som omgir Storbritannias unge i dag.**

# Misnøye, moral og sosial økonomi

**OPPRØRET**



Bjørn Egil Flø,
forskar, Norsk senter
for bygdeforskning

**EG SÅG DEI PÅ FJERNSYNET,** to unge jenter, sjølv om dei freista å skjule andletet sitt kunne eg sjå at dei verka slitne, men nøgde. Halve natta hadde dei vore med mobben i bydelen Haringey i Nord-London og synte villig fram nattas fangst til reporteren. Jeans, toppar i alle slags fargar og fleire kardiganar, den eine av dei hadde også ein hang til eksklusivt undertøy og hadde nytta høvet til å utruste seg med merketruser som ho elles aldri ville kunne ha råd til å kjøpe.

Men den som søkjer å redusere opprøra i dei engelske storbyane til einast å handle om meiningslaus plyndring og snevre profittmotiv for arbeidslause småkriminelle er i beste fall ignorant om den røyndomen som omgir Storbritannias unge i dag. Det er ein røyndom som er politisk vedteken og implementert av statsminister David Cameron – og velsigna av ei vellukka britisk øvre middelklasse og eit samla internasjonalt bank- og finansvesen.

**«WE ARE JUST SHOWING** the rich we do what we want,» sa jenta som nett hadde synt fram det eksklusive undertøyet frå posen, og eg tenkte her treng me alle å ta eit steg attende om me skal greie å sjå det store biletet.

Sidan koalisjonsregjeringa kom til makta for noko over eitt år sidan har England vore ridd av opprør og protestar. Studentar har okkupert universiteta og dei lågast betalte har mobilisert til streik mot offentlege nedskjeringar jamt utover heile året. I vår deltok meir enn ein halv million londonarar i protest mot offentlege nedskjeringar og stadige angrep på arbeidarrettane, noko som er i ferd med å utarme det britiske arbeidslivet.

**SJØLV OM KVAR AV** aksjonane har kjempa for eigne, konkrete, politiske saker, er dei likevel alle rotfesta i radarparet Cameron og Osborne sin uanstendige retorikk om nøysemd og kollektivt løft for dronning og fedreland. Dette samstundes som dei brutale budsjettkutta råkar dei svakaste.

Stadig fleire opplever at staten sviktar det den er meint for, den leverer ikkje lenger velferd og tryggleik. Folk opplever at læra frå Max Weber om at statens viktigaste oppgåver er å byggje institusjonar som sikrar og forsvarar folk sine rettar, ser ut til å forvitre i prestisjeøkonomanes kamp for å berge den nye økonomien.

> *«Det veks fram ei gryande forakt for eit elitestyrt politisk system»*

**VANLEGE FOLK VERT** tvinga til å betale rekninga for finans- og gjeldskrisa. Samstundes opplever stadig fleire at avstanden mellom dei sjølve og makta aukar. Og det veks fram ei gryande forakt for eit elitestyrt politisk system, som aktivt har redusert makta åt dei folkevalde til fordel for stadig meir aggressive marknadskrefter.

Framleis aukar distansen mellom fattig og rik i England meir enn i noko anna land i Vest-Europa. Den rikaste 10-prosenten av befolkninga er no 100 gonger «better off» enn den fattigaste 10-prosenten. Politikarane har aktivt stimulert til auka forbruk blant folk flest, med ei påfølgjande privat gjeldsauke som ligg bortanfor all fornuft.

Og den sosiale mobiliteten i Storbritannia er verst av alle i heile den vestlege verda. Det er eit velkjent empirisk faktum at alt som kan beskrivast som sosiale problem – det vere seg alt frå kriminalitet til dårleg helse, uførheit og arbeidsløyse – er langt vanlegare i ulike samfunn enn i samfunn der rikdomen er jamt fordelt. Likevel har britiske politikarar, i tiår på tiår, stimulert til meir individualisme, konkurranse og statsstøtta egoisme. Kombinert med systematisk knusing av fagforeiningane og ei tiltakande kriminalisering av dissens, har ein gjort Storbritannia om til eit drivhus for sosial misnøye.

**DET GRYR AV DAG** og på skjermen flimrar bileta av utbrente bilar og bygningar etter nattas opptog. Fotografen fører kameraet langsamt opp High Road i Wood Green, berre knappe 500 meter frå der eg sjølv budde for under eit halvår sidan. Eg ser knuste vindauge over alt og tilbake ligg utplyndra butikkar og skadeverk for millionar av pund.

Biletet stoggar ved ei eldre kvinne, ho står delvis med ryggen til, men eg kjenner ho att. Det er Annie. Annie som eg vart kjent med etter at eg intervjua ho om hennar forhold til det rurale England og som eg skreiv om i Bergens Tidende den 16. januar i år. «Det er berre snakk om tid før det eksploderer i vald og gateopprør her,» sa ho med meg like før jul. «Cameron kan velje; ny politikk eller eit nytt Brixton». Ho snur seg mot fotografen – og eg ser det blenkjer ei tåre i augo. Men på fjernsynet lovar Cameron meir politi...




**VALDELEGE URO:** *Mobben har brote ned gitteret og forsyner seg med elektriske artiklar frå ein forretning i Birmingham 9. august. Uroa har spreidd seg frå London til andre byar i Storbritannia.* ARKIVFOTO: TIM HALES, AP PHOTO/SCANPIX

# BT «tåkelegger» ansvaret for økte matvarepriser

**MATVAREPRISER**

Lars Peter Taule,
organisasjonssjef
Hordaland Bondelag

**VISER TIL SVERRE** Stensengs artikkel på side 15, del 1, i Bergens Tidende, 11.08.2011 – «Dyreste mat noensinne».

Artikkelen bærer preg av lite konkrete fakta, og henvisninger til prosenter som få – om noen – har forutsetninger for å forstå. Det kan virke som om BT ønsker å legge hovedansvaret for prisstigningen på norske bønder, uten å vise hva andre aktører i matmarkedet tar.

**JEG TILLATER MEG** derfor å sette opp et enkelt regnestykke for å vise hvor stor del av prisstigningen på mat som kan isoleres til årets jordbruksavtale. Det vil si den delen som norske bønder har ansvar for. Prispåslag ut over dette, må andre aktører i matmarkedet forklare. Gjerne med hjelp fra Bergens Tidende.

I jordbruksavtalen for 2011 øker prisene med 580 mill. kroner fra 1. juli. Hvor mye mer må en familie på fire betale for maten?

**BØNDENE SENDER EN** regning til norske forbrukere 1. juli på 580 mill. kroner.

580 millioner kroner/5 millioner mennesker i Norge = 116 kr i året per innbygger. For en familie på fire personer blir dette 464 kroner per år. Per dag for en familie på fire personer blir da 464 kr/år/365 dager = 1,30 kroner.

**HVILKET UTSLAG FÅR** dette på konsumprisindeksen, KPI?

Omsetningen av mat i Norge er på om lag 120 milliarder kroner per år. Endringen på matprisindeksen blir: 580 millioner kroner/120 milliarder kroner = 0,48 %. Matvareindeksen utgjør om lag 10 % av KPI. Utslaget på KPI blir da: 0,71 % x 0,10 = 0,048 %.